



Naturvernforbundet i Buskerud

Martin Lindal
Bråtan 11
3022 Drammen
e-post: buskerud@naturvernforbundet.no
tlf: 99604555

Drammen 23.09.20

Fylkesmannen i Oslo og Viken.
Lier kommune.

Hogst av kantsone langs Lierelva.

Etter ein tur i Linnesstranda naturreservat blei eg gjort merksam på at det var hogd kantsone langs Lierelva. Flyfoto fra 2018 viser at det fra før var ein kritisk smal kantsone, som derfor var ekstra verdifull. Hogsten omfattar strekningen fra brua ved gullhgaug skole, nederst på foto. Hogsten sluttar der Lierelva svingar sørover på flyfotoet midt på bildet under.



Strekningen hogsten omfattar er minst 800m på austsida av elva,og startar ved Linnestranda naturreservat. Sjøå bilde under.



Det meste av vegetasjonen er fjerna. Bare “symboltre” står igjen.

Lierelva er eit viktig element i Lierlandskapet. I elva lever elvemusling, laks, aure, og mange andre vannlevande organismar.

Langs elva er det også eit rikt dyre og fugleliv.

Den siste tida er det gjort fleire observasjonar av isfugl. Ein sjelden fugl i Norge.(foto under fra nettet)



Kantsona har ein viktig økologisk funksjon. Den skal hindre avrenning, redusere erosjon, og den er særst viktig for organismane som lever i vatn. Den gir skjul og skygge, og den tilfører næring til vassdraget. Den skal også fungere som ein viltkorridor for dyr, og fugl som lever i området. For vannlevande fugl vil ei kantsone vera viktig for at dei skal føle seg trygge.

Ei godt fungerande kantsone består av gras, buskar og tre. Langs vassdrag kan tettheten av fuglereir i kantvegetasjonen vera like stor som i tropisk regnskog. Mange insekt har livsstadier både i vann og på land. Desse artene trenger ein slik rik kantvegetasjon langs vassdraget for å finne skjul og føde. I tillegg er dei viktig næring for fugl og fisk. I tettstader og områder med mykje jordbruk er eksisterande skogsområder små og fragmenterte. Her tilbyr intakt kantvegetasjon langs elvestrenger viktige levestader og vandringskorridorar for pattedyr som rådyr, rev og grevling. En stor del av dei kartlagte viktige naturtypene i bebygde område finst nettopp langs vassdraga.. Vannressurslova stiller konkrete krav til å oppretthalde kantsona. Det er lov å skjømte ei kantsone, men den skal ha ein økologisk funksjon også etter skjømte. Det er lov å ta ut store ustabile tre, men det er viktig at lauvtre med ulik alder og høgd blir ståande. Lierelva ligg midt i eit intensivt drive landbruksområde, noko som gjer at ei god og brei kantsone er ekstra viktig.



Eitt enkelt tre gir ikkje ei funksjonell kantsone. Dette skal ikkje vera ein park.



Lange strekningar heil utan vegetasjon. Den ligg på sida.



Like ved elvekanten er det lagra flis med hestemøkk. Det er stor fare for avrenning til elva. Vassdammane er fulle av gjødsel.



Her er elvekanten brukt som avfallsplass, blant anna for hestemøkk.

Naturvernforbundet i Buskerud meiner at hogsten er eit grovt brudd på Naturmangfoldloven, og Vannressursloven §11. Grunneier har etter vannressursloven plikt til å opprettholde eksisterande kantvegetasjon langs vassdrag med årssikker vannføring.

Me ber Fylkesmannen i Oslo og Viken å vurdere saken og sende den vidare til NVE for vurdering av reaksjonsform. Me ber også Lier kommune å følgje opp forureningsloven, og følgje opp problemet med at grunneigar bruker elvekanten som fyllplass.

Venleg helsing Naturvernforbundet i Buskerud.

Martin Lindal.